

Til Austrheim kommune v/valnemnda i Austrheim kommunestyre

Kopi:

Ordførar  
Kommunedirektør

Auke av talet medlemmer i Eldreråd

Dagens eldreråd er som kjent samansett av 3 medlemmer føreslegne av organisasjonar for eldre og 2 medlemmer frå kommunestyret.

Pensjonistforbundet Austrheim ynskjer at talet på representantar frå organisasjonane vert utvida til 5 og vil leggje inn fylgjande grunngjeving og argumentasjon:

Då talet på representantar vart sett i 2003, var det primære målet å redusere talet på råd og utval i kommunen. Alle utvala vart kutta og ein fekk 3 råd:

Eldreråd  
RMNF  
Ungdomsrådet

Begge dei to første utvala har tre medlemmer frå organisasjonane og to politikarar.

I den siste tida har politikarane ved fleire høve auka tal representantar i nemnder og no sist opprette eit nytt utval, Levekårsutvalet med 7 medlemmer. Pensjonistforbundet Austrheim meiner derfor at ein også bør sjå på tal medlemmer i Eldrerådet. Sidan modellen vart vedtatt i 2003, har mellom anna fylgjande endringar vorte gjort der tal medlemmer vart auka i utval.

1. Kommunen sitt planutval vart samansett av formannskap med tillegg av ein representant frå kvart parti som ikkje sat i formannskapet.
2. Kontrollutvalet vart i 2015 auka frå 3 til 5 medlemmer. Bakgrunnen var erfaringane i Breidvik-saka. Kommunestyret ynskte eit breiare utval der ei større gruppe politikarar kunne diskutere og arbeide med sakene.

I dag er det fleire lag og organisasjonar som organiserer eldre i kommunen vår sjølv om ikkje alle har representantar i Eldrerådet. Vårt nyskipa lag Austrheim Pensjonistforbund har som mål å vere ein aktiv partipolitisk uavhengig organisasjon som fremmer dei eldre sine interesser i kommunen. Vi meiner vi har rett til å få plassar i Eldrerådet.

Ved å utvida tal representantar, vil truleg det gi grunnlag for eit meir aktivt og engasjert arbeid inn i sakene som vert handsama. Diskusjonane kan bli breiare og endå betre håpar vi. Då kontrollutvalet vart utvida, opplevde ein nett ei slik endring.

Med dette håpar vi valnemnda og Austrheim kommunestyre ser nytten av å utvida Eldrerådet.

Kvalvågen 18.10.2023

Olav Mongstad  
-leiar-